



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dato: 10.11.2015
Vår ref.: 2015/8234-4
Saksbehandlar: adelan
Dykkar ref.:

Førebels høyringsuttale - forslag til endringar i fagskulelova og studiekvalitetsforskrifta

Me viser til høyringa forslag til endringar i fagskulelova og studiekvalitetsforskrifta, og vedlagt finn de eit førebels høyringssvar frå Hordaland fylkeskommune. Saka vart handsama politisk i opplærings og helseutvalet 10. november og vert handsama i fylkesutvalet 18. november. Me ettersender endeleg vedtak når protokollen føreligg.

Saksgrunnlaget vart lagt fram slik:

«Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune støttar forslaga til endringar i fagskulelova punkt 1 - 5.1 og punkt 7 - 11.
2. Forslaga i punkt 5.2, 5.3 og 6 vert ikkje støtta slik det kjem frem av denne sak.
3. Forslaga til endringar i studiekvalitetsforskrifta vert støtta.

Fylkesrådmannen, 12.10.2015

Kunnskapsdepartementet fremjar forslag om endringar i *lov om fagskoleutdanning* av 6. juni 2003 nr. 56 (fagskulelova) og i *forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning* av 1. februar 2010 nr. 96 (studiekvalitetsforskrifta) i høve til vedlagte forslag. Høyringsfrist er sett til 10. november 2015.

Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet meiner at endringsforsлага vil vere med på å sikre studentane sine rettar på ein betre måte, klargjere og forbete rolla til *Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen* (NOKUT), samt gjere lovverket meir føreseieleg for fagskuletilbydarar, fagskulalar, studentar og andre interessentar.

Departementet føreslår mellom anna reglar for eksamen og sensur, utestenging og bortvisning, annulling av eksamen, skikkavurdering og krav om politiattest. Dei føreslalte reglane er i stor grad tilnærma lik studentrettane i universitets- og høgskulelova. Vidare føreslår departementet heimel til å etablere nasjonal klagenemnd for fagskulestudentar og nærmare reglar for fagskuleni si klagenemnd. Det vert også føreslått å opprette ei ordning for godkjenning av utanlandsk fagskuleutdanning.

Hovuddel

Forslag til endringar i fagskulelova

Fylkesrådmannen vil tilrå at Hordaland fylkeskommune støttar følgjande forslag til endringar i fagskulelova:

1.Tilhøvettiforvaltningslova og klagehandsaming

Forslag om endringar i fagskulelova i høve til forvaltningslova og klagehandsaming som presiserer reglar om enkeltvedtak, habilitet og teieplikt ved både offentlege og private fagskulane.

2.Registrering i Einingsregisteret

Forslag om at også statlege og offentlege fagskulane skal verte registrert i Einingsregisteret. I dag er dette berre eit krav for dei private fagskulane.

3.Språklegeeendringar – offentleg tilskot

Endring av omgrepene *statleg tilskot til offentleg tilskot* i § 3 andre ledd. Omgrepene *offentleg tilskot* går igjen andre stader i lova.

4.Forkrift om realkompetansevurdering

Presisering av tilbydars plikt i høve til å fastsette forskrift for opptak med både formell utdanning og realkompetanse.

5.Styrking av studentanesinerettar

5.1 Eksamens og sensur

Lovfesting av studentane sine rettar i høve til sensur på eksamen og klage på eksamen eller prøve tilsvarande reglane i universitets- og høgskulelova.

7.Godkjenning av utanlandsfagskuleutdanning

Forslag om å etablere ei ordning for godkjenning av utanlandsfagskuleutdanning som NOKUT får operativt ansvar for.

8.Skikkavurderingar

Forslag om at studentar ved einskilde fagskuleutdanninger skal verte omfatta av skikkavurderingar. Departementet vil på bakgrunn av ei slik endring i lova utarbeide ei forskrift med nærmere reglar og kriterier om skikkavurderingar av studentar ved einskilde fagskuleutdanninger. Dette vil også gjelde kva utdanninger som gjev grunnlag for å utføre ei skikkavurdering

9.Krav til politiattest

Forslag om at det vert stilt same krav til vandel for studentar i fagskuleutdanninger, der studentar i løpet av utdanninga kjem i kontakt med sårbarle grupper, som det vert sett til studentar i høgare utdanning og utøvarar av yrket elles.

10.Gebyr for brotpåføresegnene og forbod mot urettmarknadsføring

Det er berre utdanningsinstitusjonar som har godkjenning av NOKUT til å driva fagskule, som kan bruke omgrepene fagskule om institusjonen. Departementet ønskjer å kunne sanksjonere mot urett bruk av fagskuleomgrepet for å sikre at studentar og andre ikkje vert villeia til å tru at dei tek ei NOKUT-godkjent utdanning.

11.Overgangsreglar

Forslag om å fjerne § 11 i fagskulelova som opphevar tidlegare lov om overgangsreglar for ei lov som ikke lenger er gyldig.

Fylkesrådmannen vil tilrå at Hordaland fylkeskommune ikkje fullt ut støttar følgjande forslag til endringar i fagskulelova:

5.Styrkingavstudentanesinerettar

5.2 Utestenging og bortvising

Forslag om at vedtak om utestenging eller bortvisning vert fatta av styret eller ei særskilt klagenemnd.

5.3 Annulering av eksamen, prøve eller godkjenning av emne

Konkretisering av reglane om annullering av eksamen, prøve eller godkjenning av emne i fagskulelova.

6.Fagskulensklagenemndogforskriftsheimelomnasjonalklagenemndforfagskulestudentar Forslag om heimel til å opprette ei nasjonal klagenemnd som handsamar klager på enkeltvedtak i høve til disciplinære sanksjonar som bortvisning, utestenging, fusk og annulering av eksamen, prøve eller emne.

Fylkesrådmannen sine kommentarar til punkt 5.2, 5.3 og 6:

Det er svært positivt at fagskulestudentane sine rettar vert meir lik rettane til universitets- og høgskulestudentane; likevel er det nokre tilhøve ved lovforslaget som bør reviderast av departementet.

Styret eller ei særskild klagenemnd skal i høve forslaget handsame eventuelle klager på:

- vedtak om innpass eller fritak av anna likeverdig utdanning og kompetanse
- formelle feil ved eksamen

Styret eller ei særskild klagenemnd skal i høve forslaget gjere enkeltvedtak om:

- utestenging og bortvising
- annulering av eksamen eller prøve, og eventuelt godkjenning av emne

I høve forslaget til ny § 11 i fagskulelova skal klagenemnda ha fem medlemmer med personleg vara. Leiar og vara for leiar skal fylle dei lovbestemte krav for lagdommarar (fylt 25 år og ha juridisk embetsekspertenise eller mastergrad i rettsvitenskap). Leiar og vara for leiar skal ikkje vere tilsett ved fagskulen. To av medlemmene skal vere studentar. Representantar for institusjonen sin eigar eller medlem av institusjonen sitt styre kan ikkje vere medlem av klagenemnda.

I forslaget er det også teke inn ein heimel for å etablere ei nasjonal klagenemnd som skal handsama klager på saker som styret, eller styret si særskilte klagenemnd, har gjort enkeltvedtak i. Dette er i saker som utestenging, bortvising og annulering av eksamen med meir. Frå vedtak om utestenging eller bortvising er gjort, eller varsel om slikt vedtak er gitt, har studenten rett på bistand av advokat eller anna talsperson. Vidare står det i forslaget at kostnadene ved dette skal dekkast av fagskulen etter sats fastsett etter forskrift om salær frå det offentlege til advokatar. Finn styret sjølv eller ei særskilt klagenemnd at det er brukt lengre tid enn kva som er rimeleg og naudsynt, kan salæret settast ned. Dette kan igjen studenten klage på til ei felles nasjonal klagenemnd for fagskulestudentar.

I høve forslaget skal som nemnt styret eller ei særskilt klagenemnd handsama klagesaker og fatte vedtak i saker om disciplinære sanksjonar. I høve forslaget kan styret såleis velje om styret sjølv eller ei særskilt klagenemnd skal handsama desse sakene. Når styret sjølv kan vere handsamar av desse sakene, kan det oppfattast som motstridande prinsipp at styremedlem for institusjonen ikkje kan vere medlem av den særskilte klagenemnda.

Krava til samansettning av medlemmer i den særskilte klagenemnda er betrakteleg meir kostnadskrevjande i lovforslaget enn dagens ordning for særskilt klagenemnd for fagskulestyra. På bakgrunn av dette vil det vere noko meir kostnadsinnsparande at styret handsamar desse sakene sjølv. Av di dei offentlege fagskulane ofte har låge økonomiske rammer, kan det fort bli ei slik praktisering av lovverket, og krava til samansettning av den særskilte klagenemnda vert gjerne overflødig. Departementet bør gjere ei vurdering av om det er ønskjeleg at klagesaker og saker om disciplinære sanksjonar skal handsamast av styret eller ei særskilt klagenemnd, eventuelt letta på krava til samansettning av den særskilte klagenemnda jf. avsnitt over.

Den særskilte klagenemnda bør ha eit anna namn enn *særskilt klagenemnd* av di nemnda ikkje berre skal handsama klager, men også fatte vedtak i einskilde saker. Det verkar underleg at ei klagenemnd skal gjere enkeltvedtak i saker utan at det er fremja ei klage.

Det er uklart kor mange timer med advokat ein må forvente å rekne med i høve til ei klagesak på vedtak om utestenging eller bortvising. Departementet bør gje tydelegare føringar for tidsbruk. I framlegget til endring av lova er det inga avgrensing på kor lang tid ein kan nytte.

Forslag til endring i studiekvalitetsforskrifta

Fylkesrådmannen vil tilrå at Hordaland fylkeskommune støttar følgjande forslag til endringar i studiekvalitetsforskrifta:

12. Endringfråretningslinertilforskrift

Forslag som presiserer at NOKUT har mynde til å utarbeide forskrift.

13. Karantenefortilbydertilåfremjenysøknadomgodkjenning

Forslag som gjev NOKUT mynde til å gje tilbydar som har fått avslag på søknad om godkjenning av fagskuleutdanning karantene i inntil to år til å søkje om same utdanning på nytt. Dette skal gjere det mindre ressurskrevjande for NOKUT ved å hindre tilfelle der tilbydarar fremjar ny søknad raskt etter avslag med få endringar. Dette gjeld i hovudsak søker der det er vesentlege manglar ved dei grunnleggjande føresetnadene til å driva fagskuleutdanning.

14. Andreendringar

Forslag som presiserer at NOKUT har mynde til å krevje at reglementet ved fagskulane skal sikre studentane sine rettar, og at fagskulane skal ha eit system for kvalitetssikring. I tillegg vert det føreslått ei presisering av at NOKUT fastset kriteria for kompetansen til dei sakkunnige som gjer ei fagleg vurdering av søker om fagskuleutdanningar.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslag til endringar i lov om fagskuleutdanning og studiekvalitetsforskrifta vil kunne medføre økonomiske konsekvensar for fagskulane eller tilbydarane i høve til advokatutgifter og klagenemnd.

Ei klagenemnd med den kompetansen/samansetninga som forslaget legg opp til, vil vere betrakteleg meir kostnadskrevjande enn det ordninga med klagenemnda for fagskulestyret er i dag.

Det er uklart kor store utgifter fagskulen vil måtte rekne med til advokatutgifter ved ein skilde saker som skal handsamast av ei nasjonal klagenemnd. Slik lovforslaget står no, ser det ut til at det er inga avgrensing i høve til kor stor denne utgifa kan verte. Samtidig kan ein merke seg at slike saker er sjeldne.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune støtter forslaget til endringar i fagskulelova utanom punkt 5.2, 5.3 og 6 som omtalt i saka. Vidare støtter Hordaland fylkeskommune forslaga til endringar i studiekvalitetsforskrifta.»

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Adeline Berntsen Landro
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.